



Fitjar kommune
Postboks 83
5418 FITJAR

Dato: 02.07.2018
Vår ref.: 2018/12000-3
Saksbehandlar: Vibeke Lokøy
Tlf: 932 49 179

Engesund Fiskeoppdrett AS - Søknad om å endre areal og MTB på lokalitet Dyrholmen Vest i Fitjar kommune

Hordaland Fylkeskommune sender med dette kopi av søknad dagsett 11.06.2018 frå Engesund Fiskeoppdrett AS, org. nr. 944819967, om å endre arealet og auke MTB på lokalitet 32157 Dyrholmen Vest i Fitjar kommune.

Selskapet har i dag løyve til produksjon av 780 tonn matfisk av laks og aure på lokaliteten. Lokalitet Dyrholmen Vest vert nytta som visningslokalitet for visningsløyve H-FJ-23. Anlegget består av eit stålanlegg med 6 bur på 24 x 24 meter.

Selskapet søker no om å utvide MTB til 1560 tonn, samt utvide arealet og flytte anlegget mot sør. Det nye anlegget skal bestå av eit stålanlegg med 6 bur på 35,5 x 35,5 meter med fórlåte søraust for anlegget. Anlegget vil ligge innanfor areal til akvakultur i Fitjar sin kommuneplan, og fortøyningane vil strekke seg ut i fleirbruksområde FFNFA som inkluderer akvakultur. For ytterlegare informasjon syner vi til søknaden.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutredninger (FOR 2017- 06-21-854). Søknaden skal då handsammast etter § 8 i forskrifta. Fylkeskommunens vurdering er at tiltaket ikkje får vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort rede for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmynda for dei respektive kriterium i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Høyringsparten skal konkretisere kva for forhold som bør opplystast nærare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Fitjar kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på fire veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysningsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret §8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar. Eventuelle merknader frå offentleg utlysning og kommunen sin uttale ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd, og seinast innan 3 månader (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Vi ber dykk handsame/vurdere søknaden frå Engesund Fiskeoppdrett AS etter gjeldande særlover/andre interesser, og returnere uttalen til vårt kontor. Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Vibeke Lokøy, tlf. 932 49 179 eller e-post til vibeke.saure.lokoy@hfk.no, i Hordaland fylkeskommune.

Beste helsing
Vibeke Lokøy